



Sånn e' da!

Songlaget syng om Stordabuen

Ei framsyning med heilt nye songar av Torleiv Agdestein,
om folk i dag, kvardagsliv, draumar og minne.
Romantikk, komikk og mykje meir.

S T O R D K U L T U R H U S

Musikalsk leiar. **Torleiv Agdestein**

Band: Åge Ottesen, Ståle Tesdal, Geir Morten Stokken, Andre Eide.

Lyd og Lys: Vest Lydservice AS

Regi/Tilrettelegging: Dag Bergsvåg og Harry Størksen

Forteljarar: Gerda Øen og Knut Vika

Sånn e' da!

Det er ein god tradisjon at Songlaget Stordabuen bed inn til haustkonsertar i Kulturhuset. For oss i Songlaget er dette høgdepunktet i året, drivkraften på øvingane våre frå januar til oktober.

Sånn e' da.

I år er det heilt spesielt. Dirigenten vår har laga alt me framfører. Heilt nye melodiar og tekstar, med tema frå heimstaden vår og på ein dialekt som me kjenner oss heime i. Me gler oss til å framføre dette for publikum som trufast møter oss år etter år. Kanskje er det ein eller to nye i salen og. De er alle hjarteleg velkomne. Målet vårt er at me saman skal ha ei gild stund i Kulturhuset.

Sånn e' da.

Torleiv Agdestein har hovudæra og vel so det for denne framsyninga. Han har skrive alle melodiane og arrangert dei for kor og band. Alle songekstane (utanom ein som dottera Ane har laga) er Torleiv sine. Han har med stort tålmod banka stemmane inn i oss sopranar, altar, tenorar og

bassar, og han har hatt øvingar med solistar og band. Av dei fire i bandet, har to av dei, Åge Ottesen og Ståle Tesdal, vore med oss i fleire år. I år har dei med seg Geir Morten Stokken og Andre Eide. Me har og undervegs fått innspel frå songpedagogen Ingjerd Kannelønning Kolstad.

Sånn e' da.

Fleire av songane blir presenterte saman med bilete. Her har me fått hjelp av fleire. Lars Slettebø har teikna, Miriam Hadida har fotografert, og Tor Resser har latt oss få bruke bilete frå den store samlinga hans. Lyd og lys er sær s viktig i ei framsyning som dette, Vest Lydservice A/S sørger for dette.

Sånn e' da.

I denne framsyninga har forteljarane viktige roller. Gerda Øen og Knut Vika bind songane saman, og dei har skrive sine eige tekstar. Elles har og Dag Bergsvåg og Harry Størksen vore med og utforma framsyninga. Alle solistane kjem frå koret sine rekkjer. Me er heldige som har so mange gode krefter i Songlaget Stordabuen.

Sånn e' da.

Me kunne ikkje tatt på oss ei så stor oppgåve som denne framsyninga utan økonomisk støtte frå samarbeidspartnarane våre. Stor takk til dei. Kven dei er, går fram av dette programbladet. Ein spesiell takk til Mediehuset Sunnhordland for god hjelp i marknadsføringa.

Sånn e' da!



Me syng om den første skuledagen.



...om naboen som fiksar alt.



...og om den gamle som sit med minnene sine.

Torleiv Agdestein

Torleiv har vore dirigenten vår sidan 2011, men samspelet mellom Songlaget og Torleiv går mykje lenger attende. Han var i årevis meir eller mindre fast musikar for koret, ofte saman med orkesteret Chicklets.

Sjølv om han ikkje kan skilta med utdanning innan musikk eller direksjon, er Torleiv den heilt rette musikalske leiaren for oss. Han arrangerar kjekke songar, bankar dei inn i oss, spelar og dirigerar. Ikkje minst gjev han oss mykje songglede.



Det var ei heilt spesiell oppleving for oss å få framføre Torleiv sitt verk “Stord - Gode tider” for 7 fulle salar Stord Kulturhus hausten 2009. Ikkje minst for dette storverket fekk Torleiv Stord kommune sin kulturpris.

Då Torleiv kom til oss for eitt år sidan og sa at han hadde ideer til nokre songar, kunne ingen ting vore betre for oss i koret. Dette ville me vera med på. Det som sette ideen i gong var ein radioserie for nokre år sidan, Postkort fra livet, der lyarane sendte inn bilete eller episodar, som så var grunnlag for songar skrive av kjende artistar. Torleiv sin ide var å lage songar ut frå bilete eller hendingar her frå vår heimstad.

Resultatet av dette arbeidet er framsyninga i dag.
Sånn e’ da!



Ådland

Grov Grasklypp

MEIERIKVARTERET

Høg livskvalitet i sentrum



- Sentralt i Leirvik • Vedlikeholdsfritt • 650m² uteareal for bebuarene
- Parkering innandørs om ønskeleg



Salsgarantien fungerer slik:

- Fronta tilbyr oppkjøp av einebustaden din.
- Ekstern eigedomsmeklar vil utarbeida takst på kva eigedom din er verdt i gjeldande marknad. Fronta betalar for meklar.
- Om du er fornøgd med verddivurderinga kan du selja einebustaden til oss for denne prisen.
- Salskontrakt signerer du samstundes som du inngår kjøpekонтakt i Meierikvarteret.

Fordelar: Du får rask og profesjonell avhending av einebustaden din, tryggleik for kva eigenkapital du har å bruka på ny leilegheit i Meierikvarteret, og du slepp betala meklarhonorar for sal av gamlehuset.

Merknad: Salsgarantien gjeld berre ved sal av einebustad, ikkje leilegheiter eller rekkehus.



HELSE OG VELVÆRE I SAMME BYGG

Eit nytt helse- og velværesenter står sentralt når næringsdelen i Meierikvartert vert fylt med aktivitet.

Me kan bekrefte følgjande aktørar:

- Øyo Legekontor
- Frisør
- Fysioterapeut
- Tannlækjar



Alle leilegheiter i Meierikvarteret med storleik inntil 90 m² kan finansierast med lån i Husbanken – Noregs gunstigaste finansieringsordning ved bustadkjøp. Dette betingar at ein vært godkjendt som lånetakar av Husbanken.

I Husbanken kan du søkja om lån på inntil 80 prosent av kjøpesummen, til ei rente som er lågare enn det andre bankar kan tilby. For deg som er på jakt etter ei inntil 90 m² stor leilegheit, er dette ei svært prisgunstig finansieringsløyising med låge månadlege utgifter.

Sjå meierikvarteret.no for prisdøme



Magne J. Mikkelsen

Fronta Næring

Telefon +47 454 02 889

magne.jostein@frontagruppen.no



Arild Lunde

Fronta Bolig

Telefon +47 906 20 238

arild.lunde@frontagruppen.no

Om songane

Opningssong

Me ynskjer publikum velkomne. Så fint å vera Stordabu. Bileta som syner den flotte øya vår har me fått låne av Tor Resser.

Steikjandes Forveten

Ein song om å vera «steikjandes» forviten. Slike personar kjenner me alle. Det er bra med informasjon, men ofte kan forvitenskapen bli til ei plage for andre.

Herre med hatt

Me er på ein kafe på Vikjo og kikkar på alle «vanlege» menneske som går forbi. Brått dukkar det opp ein stas-kar; ein herre med hatt. Og ikkje berre det, der kjem det og ei flotte dame med hatt....

Den Gamle

Den gamle mannen sit åleine att etter at kona er borte. Born hadde dei ikkje. Dette kan verka som ein trist situasjon, men den er ikkje det. Den gamle har gode ressursar, han minnest det som var og synst han har eit godt liv, trass alt.

Steinen ved sjøen

Mange av oss har ein stad dei gjerne søkte til då dei var unge viss dei ville vera i fred. Ein stad ein kunne vera med sine egne tankar. Kanskje har ein den staden framleis. I dette tilfellet er det «steinen ved sjøen» som er denne staden. Steinen vert personifisert som den gamle, vise som kom med dei rette svara om det røynde på.

Sommar-song

Rett og slett berre ein glad sommar-song. Fortel ei historie om to unge menneske som lever glade sommardagar.

Sommaren 2015 (og 2016....)

Også dette er ein sommar-song, men den er inspirert av den elendige sommaren i 2015. Songen var skriven før det viste seg at sommaren i år baud på like elendig ver.

Bryggedans

Ein gladsong som handlar om då me i ungdommen skulle på bryggedans, denne gong i Haugesund. Me kjøpte inn drikkevarer, sette kursen sør, fekk problem med bilen, kom i slåsskamp og måtte slukøyra venda heim. Slik det ofte skjedde, anten det var i Haugesund eller andre stader.

Sløyfeband

Ung kjærleik som ikkje blir gjengjeldt. Kva kan vel vera meir trist. Men kanskje finnest det von.

Pendlaren

Mange stordabuarar vil kunna kjenna seg att her. Det er kanskje heilt OK å vera borte på jobb, men kanskje er det ikkje alltid like lett å finna plassen sin i lokalsamfunnet når ein er heime. Familie og vener har jo sine rutinar og er travelt opptekne med sitt.

Du og eg

Borte bra men heime best. Han som syng har reist rundt heile verda, men «det er godt å koma heim igjen te her eg høyre te, te solnedgang og bris på Vikafle», og går langs ein stille sti ein stad på Hodnaland saman med kjærasten. Denne songen var med i «Stord-Gode tider» i 2009.

Landåsen

Det skjer mykje i det daglege som kan ta merksemda vår og gjere oss opprørde. Då er det godt å ha den flotte naturen vår. Me skulle gått oss ein tur i Landåsen, du og eg, og lagt oss ned bak ein stein. Då kan det henda både det eine og det andre....

Sett deg før

Bakgrunnen er flyktningesituasjonen i Europa hausten 2015. Me fokuserer på ei av dei, ein gut. Me ser han klatrar om bord i båten, flyktar via Hellas, Ungarn og vidare nordover – og endar opp i byen her me bur. Me har visst om situasjonen, men aldri heilt teke den inn over oss. Så me spør han; kva kan me gjer?

Beib frå Langeland

Dette er songen om den beiben (jenta) du såg i ungdommen, ho var høgreist og stolt men så skremande flott at du såg vekk. Men om ho kom igjen, då skulle du.....

Barbeint i graset

Ein song om det å sjå sitt eige barn veksa opp, og gradvis frigjera seg frå foreldra. Ein situasjon mange kan kjenna seg att i. I denne songen er handlinga knytt til første skuledag. Dette er einaste songen som ikkje heilt er skrive av Torleiv. Dotter hans, Ane Agdestein, har laga teksten.

Bestefar

Ein god, gammaldags bestefar sett gjennom augo til ei lita jente. Ho er veldig glad i bestefaren, men og uroa fordi ho ser så mykje stygt og skremmande på fjernsyn. Då er bestefar god å ha, han gjev trøyst og håp.

Naboen

Mange av oss kjenner vel til ein nabo som fiksar alt, medan ein sjølv ikkje kjem i gang med noko som helst. Naboen ordnar opp, og har jamvel tid og overskot til å invitera på kaffi når jobben er gjort. Ikkje nok med det, han har delteke i Birken for sjuande gongen. Og eg, eg har det for travelt med ingenting.

Avslutningssong

Dette er rett og slett ein takk for oss.

Sånn e' da! Me takker for støtta!



Instrumentering-Veiesystemer-Lastseller

Mail : post@bssw.no tlf: +47 40402473

REMA 1000

Heiane



Sånn e' da! Me takker for støtta!



HAGA MAT



ADVOKATKONTORET SUNNHORDLAND

HALDOR TVEIT - AUDVALD KVAMME - KARL A. HORNELAND - JULIANNE SELLGREN
I KONTORFELLESSKAP

MEDLAMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Kontoradr. Borggt. 11, Leirvik, Postboks 226, 5402 Stord - Tlf. 53 40 24 40
Filial: Rosendal, Kvinnherad - Tlf. 53 48 10 11 - Lonevåg, Osterøy - Tlf. 53 40 24 40

ING. ÖYVIND JÖRGENSEN

BYGGTEKNISK PROSJEKTERING OG ADMINISTRASJON

Telefon 53 40 90 60 – Telefax 53 40 90 61
Postboks 432, 5403 STORD
Email: post@ingjorgens.no

Sånn e' da! Me takker for støtta!



interoptik
Sele

Interoptik Sele
Amfi Stord, tlf 53 40 29 30



 **Aktiva**
Økonomiservice

sport 1 Stord
www.sport1.no

TLF. 53 41 01 12
STORD SENTER
 **Vaagens**
BLOMSTER 



Cubus
Amfi Stord

Sånn e' da! Me takker for støtta!

FYLKESNES BIL AS


FARGERIKE
MALERBODEN

 **DEKK**
PARTNER
Stord Dekkservice AS

  **SUZUKI**  **ISUZU** 
Heiane Bil as
Heiane, 5412 STORD - Telefon 53 40 23 00 - Mobil 90 50 69 00

BYRÅET
tlf. 53 41 68 60

 **Sunnhordland Bil** 
- BEST PÅ FORD | Vabakken 8 - telefon 53 40 37 90  Du finner oss på facebook

 **NORTH SEA**
SHIPPING

M E C A
CAR SERVICE
UTBUOL AUTO 

Når du treng elektricar...

Stomas AS

Target 4, 5411 Stord
Tlf. 53 40 23 40, Døgnvakt: 48 10 23 40
E-post: stomas@stomas.no
www.stomas.no



Sånn e' da!

Songane:

Opningssong

Steikjandes Forveten

Herre med hatt

Den Gamle

Steinen ved sjøen, *solistar Anne Karin Nilsen og Olav Bauge*

Sommar-song

Sommaren 2015 (og 2016....)

Bryggedans

Sløyfeband, *solist Lene Jeanette Skogvold*

Pendlaren

Du og eg, *solist Olav Bauge*

Landåsen

Sett deg før, *solist Marita Huse*

Beib frå Langeland

Barbeint i graset

Bestefar, *solistar Malene Toft Tollaksvik og Tore Brandvik*

Naboen

Avslutningssong



SparebankenVest



DNV-GL